

Jerusalems murar

Fra Israels lagnad me kjenner ei soga
om då dei til Babel i utlægdi kom.
Der blod liddde runne. Der eld hadde loga
då folket vart råka av Herren sin dom.
Jerusalem fiendar herja og brende.
Og Sion som fangar til Babel vart sende.

I sytti år murar og by låg ående.
Og hermann fra Babel fekk tilhelde der.
Då endeleg Israel heimatter vende,
Jerusalem jamna med jordi dei ser —.
Ei ovmyrk og trøystarlaus vonløysa gøyser
frå nedrivne murar og svartbrende røyser!

Dei lenge og sårt for si synd måtte lida —.
Men no var ho over, den grufulle natt.
Dei fylka seg glade ikring Nehemia
som no vilde nyreisa murane att.
Dei hadde nok grunn til å stussa og stura,
for uvener vilde forby dei å mura!

Då bodskapen lydde frå Andvakeluren
hjå trugen herold, som av Herren var send:
«Fram Sion, til vakthald og arbeid på muren!
No gjeld det å byggja med våpen ved lend!
Kjem uvener hit. — Dei oss budde skal finna.
Med Herren si hjelp skal me sigeren vinna!!»

I mødesamt offer dei saman vart sveiste.
Og modet det muna hjå lag etter lag.
Tilsist stod då murane vyrdeleg reiste
med tårn og med portar, ein glederik dag.
Gud atter let setja på byen sitt stempel
med nybygde murar og atterreist tempel.

I Noreg her ogso ligg nedrivne murar
kring heimar og gudsliv, moralbod og lov.
Ei åndsmakt vil inn gjennom gluggar og urar
og gjera Guds tempel til avgude-hov.
Til byggjing og vakthald trengst kjærlege hender
og «Anden sitt sverd» som vår van-lagnad vender.